

Slutt opp om basaren!

29.01.2010



**Det er snart tid for den årlege basaren til Uskedal skulemusikk, som i år er sett til den 11. april.
Basarnemda er igang og som alltid er det mange brikkar som må falla på plass i forkant av basaren.**

Uskedal skulemusikk er viktig for bygda vår. Ein kan jo berre tenkja seg ein 17. mai utan skulemusikken. Korpset er ikkje berre viktig for det musikalske, men også det sosiale.

I skulemusikken er dei flinke til å ta vare på kvarandre. Det er eit utruleg godt fellesskap og det er fint å sjå på korleis dei eldste tar seg av dei minste i 'flokken'. Dette fellesskapet er det viktig å ta vare på.

Vi i basarnemda synest det er godt å veta at vi jobbar for at våre barn/ungdommar i bygda skal ha eit godt sosialt nettverk.

Er det nokon som vil vera med og bidra til basaren vår i form av små eller store gåver blir vi veldig glade for det. Då er du med på å halda 'liv' i skulemusikken som vi er så glad i.

Dei som vil bidra kan ta kontakt med oss i basarnemda på desse mobilnumra:

Gro Hjelmeland 41 54 92 45
Elin Enes 47 01 21 25

Anne Jorun Kjærland 92 88 65 88

Anne Aksnes 47 84 29 71

**For Basarnemda i Uskedal skulemusikk:
Anne Aksnes**